

■ Kinsarvik skule lagar stor programpost til Hardanger Musikkfest

Lagar opera frå botn av

- Det er eit svært prosjekt. Men eg elsker jo sånt, seier lærar Randi Johansen ved Kinsarvik skule.

ELI LUND
eli@hardanger-folkeblad.no
97572494

Ein dag i månaden fram til mai er sett av til prosjektjobbing med instruktørar for elevane i 5.-7. trinn ved Kinsarvik skule. I tillegg held lærar Randi tråden kvar veke.

Målsettinga er ikkje mindre enn å ha klar ein sjølv laga opera til premiere under Hardanger Musikkfest (HMF) 31. mai.

- Vi håpar vi kan bidra til å gjera unge klar over sine kreative evner, og gi dei nokre verkøy som dei kan bruka til beste for musikklivet framover, men òg modige til å skapa noko, og ikkje reprodusera andre sine idear, uansett kva dei vil satsa på i sine liv, seier Therese Birkelund Ulvo, ei av to kunstnariske leiarar for HMF.

Det overordna festivaltemaet for 2017 er nybrot.

Største prosjekt på HMF

- Det vert òg utgangspunktet for vårt største prosjekt: Ein vitenskaps-opera, seier Ulvo.

Operaen er eit samarbeid med Bergen Nasjonale Opera og Høgskolen på Stord.

- I «skriv ein vitenskaps-operamodellen», som prosjektet baserer seg på, er det roller å fylla for alle. Ikkje berre skriva og framføra musikk og tekst, òg gjera seriøs forskning på eit vitenskapstema. Elevane har òg ansvar for kulissar, kostyme, økonomi, marknadsføring, administrasjon og prosjektleiing. Skulen skal laga sitt eige operaselskap, og elevane fyller alle funksjonar, fortel Ulvo.

Kvar månad kjem det gjestelærarar. Sist veke stod kulissar på programmet med instruktør Jan Holden. Han er scenograf, dokkemakar og skodespelar. Jan varma opp elevane med å få dei til å kauka og laga kroppsl-



EIT HJARTE: Jan Holden, frilansar knytt til Bergen Nasjonale Opera, instruerer i scenografi ved operaprojektet til elevane ved Kinsarvik skule. Her varmar elevane opp til ein dag med kulisseriearbeid med lagging av skulpturar ved hjelp av kropp.

ge skulpturar, før det konkrete kulisseriearbeidet tok til. I november står musikken for tur.

- Då skal dei bestemma seg for om det blir ein rockeopera, ein klassisk eller sånn som eg vil ha det, ein «pling plong-opera», seier lærar Randi.

Operaen har fått temaet «det sorte hull» (verdsrommet) og får framføring oppe på asylmottaket i Kinsarvik. Der skal ein car-port byggjast om til operascene. Elevane står for det òg.

- Dei siste to åra har Kavlifondet vore ein heilt avgjerande katalysator for å bygga opp eit rikt og mangfaldig barne- og ungdomsprogram i Hardanger Musikkfest. Kavli har vore vår største og viktigaste samarbeidspartnar på dette feltet, og kom på banen i ei tid kor ei slik

satsing elles hadde vore umogleg å prioritera, vi har ein stadig meir pressa økonomi i festivalen generelt, fortel Ulvo.

Ho seier dei vender seg, med ulike tilbod, til heile spekteret frå barnehagebarn via grunnskulen til elevar på vidaregåande skule, med aktivitetar gjennom året og under sjølv festivalveke. Ved å vera aktive gjennom heile året, vert dei kjent med dei mest ivrige kulturspirene i regionen. Både basisfaga, dei estetiske faga og naturfag er integrert i prosjektet.

- Elevane skal syngja med dei stemmene dei har, «opera» har meir med forma å gjera, forklarar Ulvo som skryt over entusiastiske lærarar og elevar som bobler over av idear og samarbeidsevner.



MYKJE ANSVAR: Elevane i 5.-7. trinn ved Kinsarvik skule skal fylla alle roller, frå kostymeansvar til skriving av musikk og framføring.



I ARBEID: Anders Sekse og Magnus Kvalvik med ryggen til. **FOTO: KINSARVIK SKULE**



KULISSER: Instruktør Jan Holden og Muhamed Darwich. **FOTO: KINSARVIK SKULE**



KULISSER: F.v.: Hanna Dyrvik, Victoria Furudal og Aurora Opheim. **FOTO: KINSARVIK SKULE**